




Grønfinnk



Kjøttmeis

Nam!
Mat!



Grønfinnk

Kva snakkar egentleg fuglane om?

– Ein gauk som ikkje kan seie ko-ko, er ille ute, seier fugleforskar Frode Falkenberg.
– Og ein fugl som ikkje kan lokke til seg andre fuglar, blir ikkje spesielt populær.

TEKST: VERA MICAELSEN

FOTO: GV-PRESS OG SHUTTERSTOCK

Mesteparten av lydane og songane kan fuglane når dei blir fødte, men resten må dei lære. Fuglar som veks opp hos andre enn sin eigen art, kan få problem med å «snakke reint». Dess dårlegare dei snakkar, dess vanskelegare er det å få seg ein make. Det aller viktigaste for ein fugl er å overleve. Stort sett handlar det om å finne mat, skryte av seg sjølv eller passe seg for farar.

Derfor handlar også mesteparten av fuglepraten om det.

Både eige og felles språk

– Fuglane har sitt eige språk, som berre den arten forstår, men dei har også eit felles språk som alle fuglar forstår. Viss ein fugl oppdagar ein fare, så roper han ut, og så spreier ryktet seg gjennom skogen. Alle fuglane sluttar å leite

etter mat, og søker ly eller prøver å finne ut kva det er som skjer. Dei har ulike lydar for forskjellige dyr – for eksempel hauk, ekorn eller rev – som alle kan forstå. Det er ornitolog, eller fugleforskar, Frode Falkenberg som fortel dette.

Fortsetter på de neste sidene ►

Myrsongaren kjem heim frå Afrika og syng eksotiske trillar.



Utspekulert

Men, som hos menneska, er det nokre fuglar som veit å misbruke ting til sin fordel. Viss ein liten kjøttmeis kjem til eit matfat og det sit ein gjeng grønfinkar der frå før, så roper kjøttmeisen «ulv, ulv!». Då flyktar alle grønfinkane, og kjøttmeisen får heile matfatet åleine.

Trillar frå Syden

Nokre fuglar er flinke til å herme etter andre, og mange trekkfuglar har med seg lydar og songar frå sydenturen sin. – Hos trekkfuglar som reiser langt, kan ein høyre

kvar dei har vore berre ved å lytte til songen dei har lært seg. Myrsongarar som overvintrar i Afrika og Asia, kjem heim og syng eksotiske trillar, fortel Frode.

Er det likt som hos menneske, når vi puttar inn ord frå engelsk eller andre språk for å tøffe oss?

– Det er ikkje godt å seie, men fuglane pyntar songen sin med trillar og lydar dei har lært på tur, for å imponerer ho-fuglane, så det er jo skryt, smiler fugleforskaren.

Om vinteren samlar kråkene seg i store flokkar. Det kan vere over tusen kråker som overnattar i same skogholt.

Kråketinget

Om vinteren er det vanleg at kråkene samlar seg i store flokkar, det kan vere over tusen kråker som overnattar i same skogholt. På kvelden kjem dei flygande frå alle kantar, åleine eller i mindre grupper. Slike store kråkesamlingar blir kalla for «kråketing», og før dei fell til ro, skvaldrar dei veldig.

– Vi er ganske sikre på at dei deler informasjon. Vi tel kor mange som kjem frå forskjellige kantar, og kor mange som reiser ut igjen til dei same stadene, og då ser vi at det endrar seg. Derfor trur vi at dei snakkar saman og deler opplys-

ningar som bestemmer kvar dei drag, seier Frode Falkenberg.

Men kvifor samlar dei seg i så store flokkar?

– Om vinteren vil dei varme seg på kvarandre. Då er dei også ekstra utsette for rovfuglar. Derfor finn dei ut kven som er sterkast. Desse får lov til å sove inst i gruppa der det er trygt og varmt. Dei kranclar om kven som er mest pinglete, og let desse sove ytst i trea der dei lettare kan bli etne av hauk eller bli kalde på «tærne», fortel han vidare.

Smarte og hermete


Kråker blir rekna blant dei intelligente fuglegruppene, og dei kan lære seg ganske mykje. Dei kan bruke reiskapar og har mange forskjellige lydar som dei heile tida bruker. Dei kan også lære seg å herme etter menneske,

og seie enkle ord som «hei» og «hallo». Fuglar som for eksempel papegøyar snakkar fordi dei er sosiale, dei hermar etter vårt språk og skjønner at enkelte ord gir ein godbit viss dei har lært seg desse. Måten papagøyar snakkar på minner ganske myke om det buktalarar gjer, og det kan lyde veldig likt menneskestemma.

Snakkar til seg sjølv

Sjølv om fuglane syng mest i hekketida, så bruker dei alltid lydar. Nokre fuglar snakkar til og med høgt for seg sjølv når dei er litt engstelege. Dei kan sitje heilt åleine på ein flekk i skogen og seie: «Eg er her, og viss det sit nokon og gøymer seg i buskane, så er eg ikkje noko redd!»

Les også om korleis ugler snakkar saman. Sjå baksida av bladet.



Papegøyar hermar etter språket vårt.